

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 06.09.2023  
**SAKSHANDSAMAR:** Berit Irene Haarklau  
**SAKA GJELD:** **Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF**

**ARKIVSAK:** 2020/5270

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
21.09.2023

**STYRESAK:**  
052/2023

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande styrande dokument:

- a. Vedtekter for Helse Førde HF, sist endra 23.02.2022
- b. Styreinstruks for Helse Førde HF, revidert 05.09.2018
- c. Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF, revidert 02.09.2020
- d. Fullmaktsstruktur for Helse Førde HF, revidert mars 2023
- e. Omtale av delegasjons- og fullmaktsregime i Helse Førde, revidert 2021
- f. Rettleiar for styrearbeid i helseføretak, revidert 26.09.2019
- g. Ethiske retningslinjer for Helse Førde
- h. Retningslinjer for leiarløn, oppdatert 27.10.2022

## Oppsummering

«Årleg gjennomgang av dei styrande dokumenta for styret i Helse Førde HF» vore ei fast styresak frå 2016. Dette for å sikre god kunnskap og oversikt, også at ein jamnleg skal kunne oppdage endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

Styrande dokument for styret i Helse Førde HF omfattar:

- Vedtekter for Helse Førde HF
- Styreinstruks for Helse Førde HF
- Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF
- Fullmaktsstruktur for Helse Førde HF
- Rettleiar for styrearbeid i helseføretak
- Ethiske retningslinjer for Helse Førde
- Retningslinjer for leiarløn

## Fakta

Styret har frå 2016 hatt ein årleg gjennomgang av dei styrande dokumenta.

Dokument som er fastsett av staten/eigar er følgjande:

- Vedtekter
- Rettleiar for styrearbeid i helseføretak
- Ethiske retningslinjer
- Retningslinjer for leiarløn
- Regjeringa sin eigarpolitikk

Styret har sjølv rådighet over og fastset følgjande dokument:

- Styreinstruks
- Instruks for administrerande direktør
- Fullmaktsstruktur

Dokumentet «Retningslinjer for leiarløn i Helse Førde» vart oppdatert 27.10.2022, jf. styresak 059/2022.

Dokument «Fullmaktsstruktur» er endra sidan førre årlege gjennomgang.

## Kommentarar

Dokumentet «Fullmaktsstruktur» vart revidert i mars 2023:

I samband med den økonomisk situasjonen til Helse Førde vart det våren 2023 gjort endringar i delegasjonsreglementet for å auke fokus på innleige og bruk av vikarbyrå, UTA-timar, leasing av køyretøy og nye særavtalar, jf. orientering gitt til styret i møte 28. mars 2023. Endringar vart gjort for å sikre tettare oppfølging av desse områda.

Dokumentet vart tilgjengeleg for styret via Admincontrol.

### **Konklusjon**

Administrerande direktør legg fram sak med årleg gjennomgang av dei styrande dokumenta for styret i Helse Førde HF.

Administrerande direktør tilrår at styret tek dei styrande dokumenta til etterretning.

### Vedlegg:

- 1 Vedtekter for Helse Førde HF, sist endra 23.02.2022
- 2 Styreinstruks for styret i Helse Førde HF, revidert 05.09.2018
- 3 Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF, revidert 02.09.2020
- 4 Fullmaktsstruktur for Helse Førde HF, revidert mars 2023
- 5 Omtale av delegasjons- og fullmaktsregime i Helse Førde, revidert 2021
- 6 Rettleiar for styrearbeid i helseføretak, revidert 26.09.2019
- 7 Etiske retningslinjer for Helse Førde HF
- 8 Retningslinjer for leiarløn, oppdatert 27.10.2022